



Stortinget
Ekspedisjonskontoret

Kapitaliseringsrente - Eigedomsskattegrunnlag for vasskraftverk

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal, og har følgjande fråsegn:

Norske kraftkommunar får reduserte skatteinntekter med nær 400 millionar kroner i 2017 grunna låg kraftpris og høg kapitaliseringsrente. I Sogn vert inntektene redusert med 46 millionar kroner.

Den tekniske verdien av vasskraftverka er redusert med 54 milliardar på eitt år. Dette er ikkje i samsvar med faktisk marknadsvardi. Inntektsreduksjonen er ikkje berre dramatisk for mange kommunar, men og uventa og utilsikta.

Dersom inntektsreduksjonane vert så store som det no ligg an til, vil det få store konsekvensar for tenesteyting og investeringar i kommunane.

Sogn regionråd ber om at Stortinget gjev regjeringa melding om å endra kapitaliseringsrenta, som er ein av fleire faktorar når skatteetaten reknar ut verdien av kraftverka. Ved å redusere kapitaliseringsrenta vil ein kunne forhindre eit dramatisk og utilsikta skattebortfall for kommunane. Stortinget har i budsjettet for 2012 føreset at kapitaliseringsrenta skal fastsetjast i samband med dei årlege budsjettforhandlingane. Men dette er ikkje blitt gjennomført.

Ein reduksjon av dagens rente på 4,5 prosent til 3 prosent vil etter det Sogn regionråd er kjent med kunne redde kommunane sitt skattegrunnlag allereie frå neste år, utan at det påverkar statsbudsjettet nemneverdig.

Lågare kapitaliseringsrente gir høgare verdivurdering og høgare eigedomsskatt.

Skatteinntekter frå kraftverk har vore inntekter som kommunar har fått som kompensasjon for naturressursar dei har bidrege med til storsamfunnet. Kommunane har mista store inntekter også tidligare.

Sogn regionråd ber innstendig om at Stortinget følgjer opp tidlegare lovnader om at kapitaliseringsrenta skal fastsetjast i samband med dei årlege budsjettforhandlingane.

Sogn regionråd viser elles til fråsegn frå Landssamanslutninga av vasskraftkommunar (LVK) som representerer synet til 174 kommunar i denne saka.

Med helsing

Petter Sortland
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift